

KULTURELT UTVIKLINGSPROGRAM

RAPPORT 2016

Vår ref: Pia Mørk Andreassen

Prosjektnamn: Prestasjonskonferansen Vest

Tildelt beløp: Kr 200 000,- kr 100 000,- utbetalt 2016

Kva er utført i perioden

9. november 2016 gjennomførte Olympiatoppen Vest Prestasjonskonferansen Vest 2016 i Grieghallen i samarbeid med Bergen Filharmoniske Orkester. Eventbyrået Possibility hadde ansvar for og stod for den tekniske gjennomføringa. Esther Buchmann frå Visuelle notater teikna heile konferansen for å gje deltakarane ei god oppsummering av konferansen. Sjå bileta som er lagt ved. Det var 140 deltakarar på konferansen inkludert føredragshaldarane, som deltok på konferansen på lik linje med dei andre deltakarane. Alle bransjane det offentlege, det private næringslivet, idrett, kultur og akademia/forsking var representerte både blant føredragshaldarar og blant deltakarar.

Konferansen har fokus på mennesket som leiar og medarbeidar og legg vekt på aktiv deltaking, både av føredragshaldarar og deltakarar. Ein skal på konferansen løfte fram Vestlandet som region og presentere prestasjonar på høgt nivå gjort av personar eller bedrifter i regionen. Målet er å setje delingskompetanse på dagsorden og gjennom det lære av dei beste på tvers av ulike fagfelt. Konferansen i 2016 fokuserte på prestasjonsdrivarane disiplin og skaparevne og kva som kjenneteiknar prosessane, tankesettet og arbeidet bak framifrå prestasjonar i Vest.

Den faglege delen av konferansen vart avslutta med middag og kulturelt innslag. Her kunne deltakarane velje mellom danseførestillinga «Askeladden» med Absence crew eller operaen «Rome og Julie» med Bergen Nasjonale Opera og BFO. Sjå programmet som er lagt ved for utfyllande informasjon om innhald og føredragshaldarar.

Status i høve til målsetting

Innhaldet og kvaliteten på gjennomføringa av konferansen stod heilt klart i høve til målsettinga. Vi har fått svært gode tilbakemeldingar frå deltakarar og føredragshaldarar, sjå evalueringa som er lagt ved og link til video.

Talet på deltakarar står derimot ikkje i høve til målsettinga. Målet vårt var 200 deltakarar og grunnlaget for det er tilsvarande konferanse som første gong blei arrangert i Tromsø 3. og 4. mai 2016. Denne konferansen blei gjennomført med i overkant 200 deltakarar. Vurderinga som blei gjort var at det var rimeleg at Bergen kunne klare like mange deltakarar som Tromsø.

Eventuelle avvik i høve til prosjektplan/budsjett

Det er avvik i høve til budsjettet med tanke på inntektene, både når det gjeld søknadssum og deltakaravgift.

Årsak til avvik

Talet på deltakarar blei mykje mindre enn forventet og inntektene blei difor tilsvarende mindre, sidan dei største utgiftene, til dømes lokaleige og honorar til kulturelle innslag er dei same uavhengig av talet på deltakarar.

Konsekvensar for prosjektet

Konferansen blei gjennomført etter planen og færre deltakarar gjekk ikkje ut over innhald og kvalitet, men det førte til negative tall i rekneskapen.

Eventuelle korrigerande tiltak/endingar

Det var ikkje tid rom for å gjera endingar som ville redusera utgiftene så nære opp til konferansen.

Andre merknadar

Sjå desse vedlegga for meir informasjon:

Program


Rekneskap

Evaluering frå deltakarar og føredragshaldarar

Bilete av oppsummering frå «*Visuelle notater*»

Ordsky frå gruppearbeid om Prestasjonsdrivarar og Disiplin

Oppsummeringsfilm: <http://www.prestasjonskultur.no/vest-2/>



Pia Mørk Andreassen
dagleg leiar OLTV



Grethe Hillestad